

RETNINGSLINER FOR GÅVEUTDELINGAR

FRÅ

SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

Innhald:

- §1 Grunnlag for gåveutdeling
- §2 Geografisk avgrensing
- §3 Kven kan søkje
- §4 Kva kan ein søkje om gåver til – prioriteringar
- §5 Søknadsprosedyre, vurdering og tildeling
- §6 Gåvetildeling etter initiativ frå styret
- §7 Utbetaling av tildelte gåver
- §8 Attendemelding frå gåvemottakar
- §9 Rapportering av tildelingar
- §10 Kulturstipendordning for ungdom
- §11 Grunderpris

§ 1. Grunnlag for gåveutdeling

Gåveutdeling til almennyttige føremål hadde lange tradisjonar i Sparebanken Hardanger. Denne tradisjonen skal stiftinga føra vidare innafor dei rammer som lovverket til ei kvar tid set.

Lovgrunnlag og regelverk for gaver til almennyttige føremål:

Lov om finansieringsverksemd (FVL) § 2d-8,3.ledd:

«En sparebankstiftelse kan etter reglene i § 2b-27 benytte årets overskudd til gaver til almennyttige formål, særlig for å fremme utviklingen i områder hvor den kapital som er tilført stiftelsen da den ble opprettet er frembragt, eller til avsetning til et gavefond med samme formål.»

Sparebankstiftinga Hardanger sine vedtekter § 1-2 har m.a. denne ordlyd:

«Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til almennyttige føremål. Ved deira disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distrikt som har bygd opp kapitalen til tidlegare Sparebanken Hardanger.»

Sparebankstiftinga Hardanger sine vedtekter § 2-3 har denne ordlyd i pkt.9 for generalforsamlinga sine oppgaver:

«Vedta etter forslag frå styret, bruk av året sitt overskot, herunder kor stor del av året sitt overskot som skal brukast til gåveformål.»

Sparebankstiftinga Hardanger sine vedtekter § 2-6:
Disponeringa av stiftinga sine midlar:

«Stiftinga kan dele ut gaver til almennyttige føremål i samsvar med stiftinga sitt føremål, jf. §1-2. Stiftinga skal i forvaltninga søkje å sikre stabilitet i stiftinga si tildelingsevne.

Det er eit overordna målsetjing at stiftinga skal ivareta realverdien av grunnkapitalen.»

§2 Geografiske avgrensingar

Etter vedtektene skal stiftinga ta rimeleg omsyn til kor midlane opphavleg er opparbeidd.

Lag og organisasjonar og andre aktørar heimehøyrande i og med hovudverksemda si i ein eller fleire av kommunane

Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda eller Voss kan søkja om midlar til prosjekt.

§3 Kven kan søkja

Lag, foreining, stifting eller frivillig organisasjon

Lag, foreining, stifting eller frivillig organisasjon må vera registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund og ha eige organisasjonsnummer.

Det vil og vera ein føremon at søkjar er registrert i Frivillighetsregisteret same stad.

Det vil ikkje verta gjeve støtte til søknader frå:

- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Landsdekkande/internasjonale organisasjonar.
- Politiske parti eller religiøse organisasjonar.

Disse kan likevel søkja støtte til ålmennyttig verksemd

Offentleg sektor

Ved søknader som omfattar offentleg sektor(stat, fylke eller kommune) kan stiftinga støtta nyskapande tiltak og vil vektlegga:

- Søknader som er innanfor prioriterte føremål.
- Søknader der det elles er lite truleg at prosjektet vil bli realisert utan gåva frå Sparebankstiftinga Hardanger.
- At gåva også utløyser vesentlege offentlege midlar til prosjektet.
- At prosjektet er av ålmenn nytte.

Kommersielle aktørar

Ved søknadar frå kommersielle aktørar vil stiftinga vektlegga:

- At søknaden er innanfor prioriterte føremål.
- At gåva også utløyser vesentleg eigeninnsats og bruk av egne midlar.
- At prosjektet som det vert søkt om midlar til, medfører at gåva går til «sluttbrukar» og ikkje er ei gåve til den kommersielle aktøren si drift, dvs. at prosjektet gåva vert gjeven til, skal vera av ålmenn nytte.

§4 Kva kan ein søkje om gåver til - prioriteringar

- Investeringar, tiltak og prosjekt med varig verdi som kjem mange i lokalsamfunnet til nytte.
- Prosjekt som bidreg til å skape engasjement og inspirerer til dugnadsvilje.
- Prosjekt som bidreg til å realisera idear og utløyser gode krefter lokalt.
- Tiltak som er eigna til å auka trivselen og gjera lokalsamfunnet meir attraktivt å bu i.

Det ein søkjer støtte til, skal vera konkrete tiltak og med klårt uttrykt mål.

Gjennomføringsplanen skal ha definert startdato og ferdigstillingsdato.

Det vil ikkje verta gjeve støtte til søknader om:

- Reine driftstilskot .(Løn, husleige og andre driftskostnader)
- Typiske sponsormidlar

Stiftinga bidreg gjerne i samarbeid med andre gjevarorganisasjonar.

Det er eit mål for Sparebankstiftinga Hardanger å yta bidrag til eit breitt spekter av ålmennyttige føremål. Likevel kan styret i stiftinga for det enkelte år peika ut bestemte føremål som skal danna grunnlaget for gåveutdelinga. I så fall vert desse prioriterte føremåla kunngjort i god tid før søknadsfristen.

Stiftinga vil og vidareføre den kulturstipendordninga for ungdom som tidlegare var driven av Sparebanken Hardanger. Reglane for denne ordninga er innteke nedanfor i § 10

§5 Søknadsprosedyre, vurdering og tildeling

Stiftinga vil normalt gjennomføre 2 gåvetildelingar i året. Om våren med søknadsfrist 31.mars og om hausten med søknadsfrist 30.september.

I god tid før fristen, vil Sparebankstiftinga Hardanger kunngjera at stiftinga har midlar som det kan søkjast om, og om det ligg føre prioriterte føremål.

Gåvesøknader som vert sende inn utanom disse tidene eller som kjem inn utan å ha nytta det elektroniske søknadsskjemaet vil ikkje verta handsama.

Generalforsamlinga i stiftinga fastset kvart år storleiken på den samla gåvesummen.

Søknadsprosedyre

Gåvesøkjar søkjer direkte på nettstaden til stiftinga via elektronisk søknadsskjema.

Alle obligatoriske felt i søknadsskjemaet må vera fylte ut for at søknaden skal verta handsama. Det vil verta gjeve attendemelding ved mottak av søknaden dersom det er formelle feil/manglar slik at dette kan rettast.

Det er høve til å leggja ved eigne dokument i pdf eller jpg format i søknadssystemet.

Det er ønskeleg at kommunikasjonen mellom søkjar og stiftinga skal vera via e-post. Det er derfor viktig at søkjar gjev rett e-postadresse.

Når søknadsfristen er ute, vil søknadene verta gjennomgått administrativt og manglar eller uklar informasjon vil bli freista retta i samarbeid med søkjar.

Det vil deretter verta gjennomgang av søknadene i styret som avgjer søknadene med gåvetildeling eller vedtek avslag på søknad.

Avslag på søknader vil ikkje bli grunngjeve.

Alle søkjarar får tilsendt skriftleg melding om vedtaket.

Informasjon om kven som er tildelt gåver, vil bli lagt ut på stiftinga si heimeside.

§6 Gåvetildeling etter initiativ frå styret

Styret kan i særskilte høve på eige initiativ tildela gåver utan at det føreligg søknad. Informasjon om slik tildeling vil verta lagt ut på heimesida til stiftinga.

Styret kan og fråvika dei generelle gåvereglane i samband med koronavirus epidemien.

§7 Utbetaling av tildelte gåver

Styret vil ved handsaming av kvar enkelt gåvetildeling ta stilling til om heile gåvebeløpet skal betalast ut straks, eller om ein skal dela utbetalinga etter dokumentert framdrift i tiltaket/prosjektet. Storleiken på gåvetildelinga og kompleksiteten i tiltaket/prosjektet vil telja med i denne vurderinga.

§8 Attendemelding frå gåvemottakar

Kvar søkjar som får gåvemidlar pliktar å sende attendemelding til stiftinga på det tidspunkt som styret set i tildelingsbrevet, seinast på det tidspunkt prosjektet er gjennomført eller var planlagt gjennomført. Storleiken på gåvetildelinga og kompleksiteten i tiltaket/prosjektet vil her telja med på kva form og innhald attendemeldinga skal ha.

§9 Rapportering av tildelingar

Stiftinga ønskjer å gje god informasjon til ålmenta om korleis gåvemidlane vert nytta. Informasjon om kvar enkelt tildeling og informasjon om gåvemottakaren og tiltaket stiftinga har støtta, vil derfor verta lagt ut på heimesida til stiftinga. Det er ønskeleg med gode attendemeldingar, gjerne med bilete frå aktivitetane stiftinga har støtta, slik at dette også kan verta eit utstillingsvindauga både for søkjaren og for stiftinga.

§10 Kulturstipendordning for ungdom.

Føremål

Vera eit bidrag til ungdom som tek utdanning innan kultur/idrett eller på annan måte ynskjer å vidareutvikla seg i aktivitetar knytt til kultur/idrett.

Målgruppe

Utøvar innan kultur og idrett som er busette, oppvaksne, eller ha markert seg særleg i regionane i Hardanger og/eller Voss.

Vilkår

Det er utøveren sjølv som må søkja om stipend.

Det kan stillast krav om fullfinansiering av eit tiltak før midlar vert utdelt.

Mottakar må forplikta seg til å senda stiftinga ein rapport om korleis stipendet er nytta seinast 1 år etter at stipendet er motteke.

Storleik

Inntil 8 stipend a kr. 30.000,00 eller inntil 2 stipend a kr. 60.000,00 og inntil 4 stipend a kr. 30.000,00.

Søknadsfrist

31.mars

Søknadsfristen for kulturstipend skal gjerast kjend i lokalpressa. Søknadsfristen skal vera 1 måned etter utlysing.

Søknaden

Gåvesøklar søker direkte på nettstaden til stiftinga.

Det er høve til å leggja ved eigne dokument i pdf eller jpg format i søknadssystemet.

Det er ønskeleg at kommunikasjonen mellom søklar og stiftinga skal vera via e-post. Det er derfor viktig at søklar gjev rett e-postadresse.

Søknaden må innehalde ein kort presentasjon av søkjaren, ei grunngeving for kvifor ein søker stipend og planar for eventuell framtidig utdanning. Dersom ein søker stipend med bakgrunn i konkrete tiltak/prosjekt, må søknaden også innehalde budsjett, finansieringsplan og framdriftsplan. Det må opplysast om søkjaren får midlar frå andre. Søknaden vert handsama fortruleg.

Jury

Juryen vert sett saman av:

- 2 representantar med fagkunnskap innan aktuelle kulturområde.
- 1 representant frå styret i Sparebankstiftinga Hardanger.
- 1 representant frå administrasjonen i Sparebankstiftinga Hardanger.

Dersom juryen manglar fagkunnskap for vurdering av enkelte søklarar, kan det hentast inn uttale frå folk med kunnskap om søkjaren sitt fagområde.

Juryen lagar ei innstilling til styret i Sparebankstiftinga Hardanger som gjer vedtak om tildeling av stipend.

Utdeling

Stipendet skal delast ut på eit passende arrangement i løpet av mai måned.

§11 Grunderpris .

Føremål

Grunderprisen skal vera eit bidrag til nyetablering i distriktet. Prisen skal motivera til entreprenørskap og stimulera til nyskaping og nytenking. Det vil verta lagt vekt på om prisvinnaren har utvikla eit nytt produkt/teneste eller nye produksjonsmåtar. Verksemda/ideen må ha potensiale for vekst med nye arbeidsplassar som kjem lokalsamfunnet til gode. Prosjektet må vera i ein oppstart / begynnarfase.

Målgruppe

Personar/verksemdar som er heimehøyrande i , eller har markert seg særleg i regionane i Hardanger og/eller Voss og som er eller vil etablere seg i dette distriktet.

Kunngjering.

Orientering om grunderprisen vert kunngjort i lokalavisene og stiftinga si heimesida seinast ein månad før fristen for å senda inn framlegg om nominasjon av kandidatar som er den 30.september kvart år.

Det er styret i stiftinga som bestemmer om det skal betalast ut grunderpris samt kårar den endeleg vinnaren.

Storleik

Inntil kr. 300.000,00

Utdeling

Grundarprisen skal delast ut på eit passende arrangement i distriktet til dømes Hardangerrådet sin Hardangerkonferanse , Vossakonferansen eller liknande arrangement.

Disse retningslinene er vedtekne i generalforsamling i Sparebankstiftinga Hardanger den 1.april 2020.

